

Arnstein Johansen og Henry Haagenrud. Per Bredeesen, hans eminente bassist, kjem også til Skei-Treffen. Kjell Harald er også trekkspelseljar og reparatør. Han kjem til å ha trekkspelutstilling med både nye og brukte trekkspel.

### Emil Horstad

Emil er 21 år gammel og oppvaksen i Naustdal i Sunnfjord. Han har gått tre år på musikklinja på Firda vgs. med Linda Gytri og Jo Asgeir Lie som lærarar. Vidare har han og gått eit år på Toneheim folkehøgskule på Hamar. No går han andre året på Noregs musikkhøgskule i Oslo og har Erik Bergene som lærar.

Emil har markert seg som ein svært dyktig trekkspelar og akkordeonist. Emil spelar alt frå jazz til folkemusikk klassisk og gammaldans. Han vert å sjå heile helga. Som instruktør under seminaret, under konserten laurdag, samt til dansespeing både fredag og laurdag, saman med gruppa si Emil`s.

### Elias Eide

Elias er 17 år gammel og kjem i frå eit gardsbruk rett utanfor Skei. Såleis har han vore med på mange Skei-Treffar. Han går til dagleg på Firda vidaregåande på Sandane. Dei siste åra har han pendla nokre kveldar i månaden til Førde og fått trekkspelundervisning av Inge Reksten på Førde kulturskule.

Elias er allsidig og er ein mykje brukt musikar i ulike samanhengar. Det siste året har vore travelt med spelingar på alt frå store musikaloppsetningar til boklanseringar, konsertar og ikkje minst NM på trekkspel.

## Kontaktinformasjon

For spørsmål eller påmelding ang. seminar ta kontakt med Jarle Hanstveit eller Elias Eide. Påmeldingsfrist på seminar er sett til **30. september**.

Har du/de lyst å spele til dans? Ta kontakt med Jarle Hanstveit.

Andre spørsmål? Ta kontakt med Jarle Hanstveit, Jørgen Varden eller Elias Eide.

Jarle Hanstveit, tlf. 48 00 25 64 eller e-post: jarle.hanstveit@osteroy.kommune.no

Jørgen Varden, 91 55 14 93 eller e-post: jorgen.varden@gmail.com

Elias Eide, 48 20 11 41 eller e-post: elias.eide@hotmail.com

Vi ynskjer hjarteleg velkommen  
til ei triveleg trekkspelhelg!

## Velkommen til Skei-Treffen

2. - 4. november 2018 på Thon Hotel Jølster



Ei heil helg med trekkspel, dans og musikk!

Arrangørar:  
Thon Hotel Jølster  
Osterøy Trekkspelklubb  
Lokale trekkspelentusiastar

## Bakgrunn

Førde trekkspelklubb arrangerte i samarbeid med Skei Hotel den fyrste Skei-Treffen i 1974. Dette samarbeidet heldt fram til 1981. Klubben melde då frå at dei ikkje makta å vere med lenger, og det vart såleis ikkje noko Skei-Treff i 1982.

I 1983 overtok Skei Hotel Skei-Treffen åleine, med Henry Haagenrud som musikalsk leiar. Sidan var det Frode Haltli som var musikalsk ansvarleg. Det er han også i år, for 25. gong!

Heilt fram til 2015 har Jon Skrede stått i spissen for eit av dei største trekkspeltreffa i Noreg. Det vart ikkje Skei-Treff i 2016.

Jon Skrede hadde skapt eit miljø og ein tradisjon. Dette er ikkje lett å gje slepp på. I Januar 2017 tok difor Osterøy trekkspelklubb, med Jarle Hanstveit og Jørgen Varden i spissen, initiativ til Skei-Treffen 2017. Også andre lokale entusiastar tok del i planarbeidet. Skei-Treffen 2017 vart ein suksess!

## Programmet i år

Det vert også i år gjennomført seminar med fagleg påfyll på laurdagen. Dette syter Emil Horstad, Jørgen Varden, Elias Eide og Jarle Hanstveit for. Det vert to grupper med ulike vanske-gradar. Sjå kontaktinfo lenger nede for spørsmål eller påmelding.

Elles vert programmet mykje likt som dei tidlegare åra med både buskspel, konsert og dans. Kjell Harald Langhaug har trekkspelutstilling, med både nye og brukte spel.

### Fredag 2. november:

- Frammøte
- Middag frå kl. 19-21
- Hyggjetreff og dans frå ca. kl. 21

### Laurdag 3. november:

- Frukost frå 07.30-10.30
- Kl. 10.30 Seminar
- Lunsj frå 13.00-15.00
- Kl. 14.15-15.15 Seminar
- Kl. 16.00 Konsert med seminardeltakarane

- Kl. 17.00 Konsert med Frode Haltli, Kjell Harald Langhaug, Emil Horstad og Elias Eide
- Kl. 19.00 Middag med konsertinnslag
- Kl. 21.00 Dans

### Søndag 4. november:

- Frukost
- Kl. 10.30 Minikonsert ved hotellinngangen
- Avreise – takk for denne gongen!

## Prisar

Frå fredag til søndag inkl. 2 middagar, 2 frukostar og 1 lunsj:

1. Pr. person i enkeltrom : 2895,- Dans er inkludert i desse prisane.
2. Pr. person i dobbeltrom : 2295,-

For dei som ikkje bur på hotellet:

1. Lunsj laurdag : 285,-
2. Middag fredag og laurdag : 395,- pr. dag.
3. Dans : 150,- pr. person pr. dag

Inngang konsert laurdag kl. 17.00 kr. 200,- vert å betale for alle gjestar.

Booking: direkte tlf. 57 72 78 23 eller e-post: [jolster.booking@olavthon.no](mailto:jolster.booking@olavthon.no)  
Bookingkontoret er stengt i helgane, så då må ein ringe sentralbordet 57 72 78 00. Opplys om at du skal på trekkspeltreff, slik at du får rett pris. Atterhald om endringar.

## Artistar

### Frode Haltli

Verdsmusikar og ankermann, Frode Haltli, kjem til Skei for 25. gong. Han har vunne ei rekkje NM og andre konkurransar opp igjennom åra. Han spelar alt frå folkemusikk til klassisk, jazz og samtidsmusikk. Han vert å sjå både på konsert og under dansespeleing saman med døtrene sine Frida Helene og Marte Ingeborg.

### Kjell Harald Langhaug

Kjell Harald byrja å spele trekkspel som 7 åring. Han har vunne NM både som solist og saman med gruppa si, Nordkappkvintetten. Kjell Harald har vore med i mange radio- og tv-program, og har vore dommar i mange konkurransar både innanlands og utanlands. Han har komponert og arrangert ei rekkje melodiar. Kjell Harald spelar like gjerne jazz som gammaldans. Han blir rekna som ein av dei beste tolkarane av både